

Saksnr 7/22	Utval Utval for rehabilitering, helse og omsorg	Møtedato 31.08.2022
44/22	Kommunestyret	22.09.2022

FRAMLEGG TIL NY KOMMUNEDELPLAN FOR REHABILITERING, HELSE OG OMSORG, ENDELEG HANDSAMING

Framlegg til innstilling:

Kommunestyret vedtek kommunedelplan for rehabilitering, helse og omsorg slik den ligg føre.

Magne Heimvik Fremja på vegne av Høgre og Frp:
Utvalet ber om at rådmannen inviterer inn Fontenehus for å orientere kommunestyret om deira arbeid, som eit supplement til dagens tilbod innanfor psykisk helse og rus.

Røysting

Rådmannen sitt framlegg til vedtak og tilleggsframlegg frå Høgre og Frp vart samrøystes tilrådd.

Innstilling

Kommunestyret vedtek kommunedelplan for rehabilitering, helse og omsorg slik den ligg føre.

Utvalet ber om at rådmannen inviterer inn Fontenehus for å orientere kommunestyret om deira arbeid, som eit supplement til dagens tilbod innanfor psykisk helse og rus.

Røysting:

Innstilling frå utval for rehabilitering, helse og omsorg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek kommunedelplan for rehabilitering, helse og omsorg slik den ligg føre.

Utvalet ber om at rådmannen inviterer inn Fontenehus for å orientere kommunestyret om deira arbeid, som eit supplement til dagens tilbod innanfor psykisk helse og rus.

Rådmannen, 19.08.2022

Dokumentliste

S	25.02.2022		Ny kommunedelplan for rehabilitering, helse og omsorg
X	11.03.2022		Saksprotokoll Ny kommunedelplan for rehabilitering, helse og omsorg
U	16.03.2022	Helse Fonna HF m.fl.	Kommunedelplan RHO Stord, høyring
S	22.03.2022		Ny kommunedelplan rehabilitering, helse og omsorg - høyring
X	08.04.2022		Saksprotokoll frå RFM 07.04.22 - Uttale til ny kommunedelplan rehabilitering, helse og omsorg - høyring
X	11.04.2022		Høyringsuttale frå Forbundet for ledelse og teknikk - pensjoniststyret
X	12.04.2022		Saksprotokoll frå KIF 07.04.22 - Uttale ny kommunedelplan rehabilitering, helse og omsorg - høyring
X	20.04.2022		Saksprotokoll frå eldrerådet - uttale ny kommunedelplan rehabilitering, helse og omsorg
I	26.04.2022	Kristin Steinsland	Tilbakemelding på RHO plan
I	27.04.2022	Stord Næringsråd	Innspel til Stord kommune sin RHO plan
I	28.04.2022	OPERO AS	Innspel til Kommunedelplan for rehabilitering, helse og omsorg 2022-2031 - reply 2880773
I	29.04.2022	Ole Christian Heimly	Innspel til Kommunedelplan for rehabilitering, helse og omsorg 2022-2031 - reply 2881937
I	20.05.2022	Kristin Steinsland	Innspel til RHO-plan
S	30.06.2022		Framlegg til ny kommunedelplan for rehabilitering, helse og omsorg, endeleg handsaming

Vedlegg

- 1 Saksprotokoll U-RHO
- 2 Saksprotokoll ELD - uttale kommunedelplan RHO
- 3 Saksprotokoll frå RFM 07.04.22
- 4 Saksprotokoll frå KIF 07.04.22
- 5 Høyringsuttale frå Forbundet for ledelse og teknikk - pensjoniststyret
- 6 Stord næringsråd
- 7 Opero
- 8 Ergo- og fysioterapiforbunda
- 9 Tilbakemelding på RHO plan frå eining for aktivitet og re.docx
- 10 Eining for aktivitet og rehabilitering 2

Innleiing (bakgrunn for saka)

I kommunal planstrategi 2016-2020 står det at plan for rehabilitering, helse og omsorg (RHO-planen 2012-2021) skal ha ei rullering i fireårsperioden. Planen vert fremja som ein kommunedelplan og både planprogram og forslag til plan har i samsvar med dette vore til offentleg ettersyn, sjølve planen etter første gongs handsaming i Utval for rehabilitering, helse og omsorg 9. mars 2022.

Det har kome høyringsuttalar frå åtte instansar, og i denne saka vert det gjort greie for innspela. I tillegg kom Utval for rehabilitering, helse og omsorg med nokre innspel som har følgd saka i høyringsrunden og skal vurderast ved andre gongs handsaming i utvalet, saman med høyringsinnspela.

Rådmannen har vurdert innspela, og framlegg til ny kommunedelplan for rehabilitering, helse og omsorg med forslag til aktuelle endringar ligg [her](#) til endeleg politisk handsaming (forslag til endringar er merka med raudt).

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Statistikk frå SSB viser ei befolkningsutvikling framover der det vert sterk auke i tal på eldre innbyggjarar og lågare andel av innbyggjarar i arbeidsfør alder. Saman med auke i yngre som treng helse- og omsorgstenester og at kommunane overtek fleire behandlingssoppgåver frå sjukehusa, legg dette eit kapasitets- og økonomisk press på kommunane.

Forslaga til tiltak legg dette til grunn:

- Styrke rehabiliterande, førebyggjande og helsefremjande tiltak
- Utbygging av institusjonsplassar, bufellesskap og andre butilbod
- Utvikle bruk av velferdsteknologi
- Rekrutteringstiltak, oppgåvedeling, fagutvikling og godt arbeidsmiljø for tilsette
- Forventningsavklaring med innbyggjarane, som må rekna å ta meir ansvar for eigen alderdom
- Godt samarbeid med helseføretaka, frivillige og pårørande

I tillegg til innspel frå utval for RHO kom det åtte høyringsinnspel til ny kommunedelplan for rehabilitering, helse og omsorg

Innkomne forslag i Utval for rehabilitering, helse og omsorg 09.03.2022, som følgde planen under offentlig ettersyn og skal takast stilling til ved endeleg handsaming:

Magne Heimvik – fremja på vegne av Høgre og Frp

1. *Under tema, psykisk helse og rusomsorg, Tenestilbod for vaksne, blir følgjande lagt inn som eget avsnitt:*

Fontenehusas frivillige arbeidsfellesskap for menneske som har eller har hatt psykiske lidningar, byggjer på grunnleggande menneskelege behov. Alle treng å bli sett, høyrte, vera til nytte, tilhøyra eit fellesskap og mestra oppgåver som må løysast. På fontenehus er medlem og ansatte kollegaer som saman driv eit kunnskapsbasert og arbeidsretta rehabiliteringstilbod.

Fontenehusene inspirerer, støttar og motiverer medlemmar til aktiv samfunnsdeltaking, studier og ordiner jobb. Samtidig er fontenehusas arbeidsfellesskap eit godt tilbod for dei som ikkje kan ha ordiner jobb av helsemessige grunnar.

2. *Det vert lagt til følgjande endring under Handlingsplan 2022-2026 prioriterte tiltak og finansieringsbehov. Drift og investeringsbehov, punkt 15, Arbeidsretta teneste:*

2023 - 900, 2024 - 1700, 2025 - 2000, 2026 - 2200

3. *Det blir lagt til følgjande endring under, Handlingsplan 2022-2026 prioriterte tiltak og finansieringsbehov, Tiltak som krev nye økonomiske ressursar i prioritert rekkefølge.*

Arbeidsretta tenester med mål om ordinært arbeid til:

- *personar med psykiske vanskar der ein tar i bruk Fontenehus*
- *personar med rusvanskar*
- *personar med innvandrarbakgrunn*
- *personar med nedsett funksjonsevne og utviklingshemming*

Kommentar: Rådmannen meiner at oppretting av Fontenehus i kommunen kan gje eit betre tilbod for fleire med psykiske lidningar. I dag har kommunen eit lågterskeltilbod ved Hamna kontaktsenter. I tillegg er det eit godt samarbeid mellom kommunen (NAV) og distriktpsikiatrisk senter (DPS) om individuell jobbstøtte (IPS). Her får personar med psykiske lidningar oppfølging allereie ved starten av behandlinga for å koma inn i ordinært arbeidsliv. Sidan 2020 har 50% av totalt 77 personar kome inn i løna arbeid gjennom IPS.

Når ein ser korleis andre Fontenehus vert drive i større byar, kan det sjå ut som at Stord og også heile Sunnhordland har for lågt befolkningsgrunnlag for god drift av eit Fontenehus her.

Rådmannen meiner at me må ta vare på eksisterande lågterskeltilbod og styrka desse og ser ikkje at det er grunnlag for Fontenehus i Stord kommune.

Sunniva Hovland Sande – fremja på vegne av SP:

Som eit tiltak for å ta i vare pårørande til menneske med demens, og samstundes kunne legg til rette for at ein skal kunne bu heime lengst mogleg, er det viktig at kommunen planlegger for å kunne tilby tilstrekkelig avlastning for pårørande til personar med demens. Fortrinnsvis gjennom heildøgns avlastningstilbod.

Kommentar: I planen ligg det inne forslag til utprøving av avlastningstilbod for demente ettermiddag og kveld ei veke per månad, samtidig som dei nyttar dagtilbodet. I tillegg ser rådmannen behov for døgnavlastning for denne gruppa. Det er lagt inn forslag til tekst om at tilbodet kan utviklast til heildøgns avlastningstilbod på lengre sikt.

Inger Johanne Moe – fremja på vegne av AP:

Kommunen si satsing på heiltidskultur må komma tydelegare fram som viktig både for rekruttering av helsepersonell og for kvaliteten på tenestene.

I samband med forstudien for nye institusjonsplassar som skal gjennomførast i 2022, skal det:

- 1. gjennomførast ei grundig vurdering av utbyggingstakt og framtidig tal institusjonsplassar for å sikra at kommunen har best mogleg og mest kostnadseffektiv balanse mellom institusjonsplassar og heimetenester. Utval for RHO føreset at det vert gjort ei samanlikning mot samanlikningsbare kommunar.*
- 2. planleggjast for produksjonskjøkken som er stort nok til eigenprodusert mat inkl middag til institusjonane, Leirvikstova, heimetenestene mm.*
- 3. vurderast ulike og nye bustadkonsept med ein kombinasjon av institusjonsplassar, omsorgsbustader og leilegheiter*

Kommentar: Det er lagt inn ny tekst under Rekruttering og kompetanse for å tydeleggjera kommunen si satsing på heiltidskultur.

Innspela som gjeld forstudien av nye institusjonsplassar og vurdering av nytt produksjonskjøkken vert teke med i forstudia som er planlagt med oppstart i 2022.

Resymé innspel frå Eldrerådet

Eldrerådet er særleg oppteken av at RHO-planen må ha fokus på: habiliteringstenester heime og på institusjon, kvalitet på maten på institusjonane, fleksibelt og variert omsorgstilbod, avlastningstilbod, aktivitetstilbod og sosiale møteplassar.

Eldrerådet støttar elles dei konkrete innspela som RHO utvalet har formulert, men vil leggja til følgjande tiltak:

- 1. Førebyggjande heimebesøk bør følgjast opp med individuelle tiltaksplanar for den einskilde:*
 - a) framlegg til tiltak i bustaden*
 - b) framlegg til tiltak for trening, fysisk aktivitet og eventuelt habilitering*
 - c) framlegg til tiltak for å fremja sosial aktivitet*
- 2. Eldre som mottek tenester bør ha ein fast kontaktperson i kommunen*
- 3. Auke talet på nye sjukeheimplassar ut frå prognosane som ligg føre*

Kommentar: Førebyggjande heimebesøk er eit lågterskeltilbod der den eldre får råd om tilrettelegging av bustad, brannsikring og anna bistand. Målet er auka tryggleik, trivsel og livskvalitet. Rådmannen finn ikkje at ein i denne samanhengen skal gå lenger enn helse- og omsorgstenestelova kap 7, der det står at brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester skal ha ein individuell plan. Dei som har eit slikt behov skal i følgje same lovverket og få tilbod om ein fast koordinator (kontaktperson).

Dersom prognosane til KS sitt framskrivingsverktøy skal takast til følgje vil behov for nye plassar i 2031 auka frå 58 til 64 plassar. Første val er at folk skal bu heime så lenge som mogleg, men kommunen treng handlingsrom for å kunne gi rette tenester til ei kvar tid. Nye institusjonsplassar skal dekke behov for langtids plassar, korttids plassar, avlastingsplassar for mellom anna demente og lindring i livets siste fase. På bakgrunn alle funksjonane institusjonsplassar skal dekke, mange som står på venteliste til langtids plass og høyringsinnspel som har kome, foreslår rådmannen å auka forslag til antal institusjonsplassar til KS si norm.

Justering av planen i samsvar med dette vert gjort etter eventuelt vedtak i utval for rehabilitering, helse og omsorg.

Innspel frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Framlegg frå rådmannen med tilleggsuttale frå utvalet vart samrøystes vedteke.

Uttale:

Rådet tek ny plan for rehabilitering, helse og omsorg til orientering med desse kommentarane:

- *Ved planlegging av einskildbustad og/eller bufellesskap skal ein ta omsyn til intensjonen i CRPD, og legge til rette for høg grad av medverknad frå bebuarar og verge.*
- *Rådet meiner det er bra at planen har fokus på høg kvalitet på bueingane.*
- *Rådet ønskjer at innbyggjarane kan velja mellom å eige eller leige og leige til eige, det er bra at det er teke med i planen*

Kommentar: Tekst om å ta omsyn til CRPD om høg grad av medverknad ved planlegging av einskildbustad og/ eller bufellesskap er lagt inn i planen under punktet om FN-konvensjon om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne.

Innspel frå Kontaktutval for innvandrarar og flyktningar:

- *Utvalet ønsker en koordinator for frivillig arbeid på alders og sjukeheim. Gjerne i samarbeid med både ungdomsskule og vidaregåande skule.*
- *Ved planlegging av einskildbustad og/eller bufellesskap skal ein ta omsyn til intensjonen i CRPD, og legge til rette for høg grad av medverknad frå bebuarar og verge.*
- *Rådet meiner det er bra at planen har fokus på høg kvalitet på bueingane.*
- *Rådet ønskjer at innbyggjarane kan velja mellom å eige eller leige og leige til eige, det er bra at det er teke med i planen.*

Kommentar: Det er mange lag og organisasjonar som vitjar institusjonane i løpet av året. Aktivitør og avdelingsleiar (ved sjukeheimen) og avdelingsleiar og nestleiar (ved Knutsaåsen) har kontakten med dei frivillige. Institusjonane har mellom anna samarbeid med Stord ungdomsskule og med ein barnehage. Det er vanskeleg å kutta i ordinær bemanning for å oppretta eiga stilling som koordinator. Sjå elles kommentaren over.

Resymé innspel frå pensjoniststyret i forbundet for ledelse og teknikk:

Pensjoniststyret meiner det må vera eit krav innan 2 år at bebuarane på våre institusjonar får eigenprodusert mat frå eige kjøkken. Vidare må det prioriterast å ha pasientar på døgnrehabilitering etter operasjonar og sjukdom. Pensjoniststyret meiner fastlegane må bli flinkare til å informere om treningstilbodet i frisklivssentralen, og dette tilbodet bør auka. Styret peikar på at samarbeid med vidaregåande skule og høgskulen bør aukast.

Kommentar: Det er politisk vedteke at det skal vurderast lokalt produksjonskjøkken i eige prosjekt. I planen er det lagt inn mogleik for å starta opp igjen døgnstilbod i Rehabiliteringssenteret i 2025. Fastlegane vert jamleg orientert om tilbodet ved Frisklivssentralen og oppdatert med brosjyrar.

Resymé innspel frå Stord næringsråd v/ dagleg leiar

Stord Næringsråd sine innspel til RHO planen går spesifikt mot å utjamne sosiale helseforskjellar og skape inkluderande arbeidsliv.

- Kartlegge ledige ressursar som finnes, og kartlegge motivasjonen for å bidra i verdiskapinga i arbeidslivet hos dei som i dag fell utanfor.
- Kartlegge arbeidsoppgåver som kan frigjerast/setjast vekk i dei ordinære bedriftene og det offentlege, for å frigjere ressursar til andre oppgåver.
- Utvide dei system/apparata som finnes i dag hos Opero og Podlen for å inkludere ledige ressursar inn i arbeidslivet.

Stord Næringsråd deltek gjerne i kommunikasjonen mot næringslivet, dersom det er interesse og behov for dette.

Kommentar: Rådmannen takkar for innspela frå Stord næringsråd og vil gjerne nytta rådet sin kunnskap i framtidig arbeid med at fleire kjem inn i tilpassa stillingar.

Resymé innspel frå Opero v/ dagleg leiar

Opero ønskjer delta i kommunen sitt arbeid med å skape best mogleg inkluderande arbeidsliv (punkt 2.3 i handlingsplanen). Deira organisasjon har stort fokus på dette arbeidet og mange erfarne jobbkonsulentar som føl opp enkeltmenneske. Tilbodet deira inneheldt undervisning, gruppeaktivitetar og individuelle prosjekt.

Kommentar: Rådmannen synest det er bra at Opero ønskjer å involvere seg i dette viktige arbeidet og ser styrken i at dei har lang og brei erfaring med arbeid og inkludering av alle målgrupper.

Resymé innspel frå ergo- og fysioterapiforbundet

Ergo- og fysioterapiforbundet er einig i at førebyggjande og helsefremjande tiltak i brukar sin heim er vegen å gå for å møte framtidens utfordringar, men meiner at satsing på dette ikkje speglar seg igjen i føreslegne tiltak i planen. Kommunen ligg under landssnitt både på ergo- og fysioterapeutar og treng ein høgare auke enn to nye terapeutar i planperioden for å kunne gjennomføre tiltaka som er føreslått. Det er allereie no venteliste for å få teneste hos ergoterapeut. Dei peikar på at Frisklivssentralen berre har 0,6 årsverk fysioterapeut og må styrkast for å auka dette tilbodet.

Ergo- og fysioterapiforbundet meiner at tenesteområdet fram mot 2031 må styrkast med 7,9 årsverk ergoterapeutar og 6,2 årsverk fysioterapeutar for å koma opp på landsnittet.

Kommentar: Rådmannen er einig i at det er ønskjeleg å styrke ergo- og fysioterapitenesta utover dei føreslegne to stillingane som ligg inne i handlingsplanen. Ved eventuell ny døgndrift ved Rehabiliteringssenteret vil det vera naturleg å vurdere nye terapeutstillingar ved auke av bemanninga her. I tillegg må RHO-tenesteområdet heile tida vurdere kva kompetanse ein treng mest ved utlysing av ledige stillingar.

Resymé innspel frå eining for aktivitet og rehabilitering

Eining for aktivitet og rehabilitering peikar på at handlingsplanen foreslår lita auke av terapeutressursar i høve satsing på å kompensere for lågare sjukeheimsdekning med førebyggjande og helsefremjande tiltak. Dagrehabilitering vert i dag utført i 3. etasje ved Rehabiliteringssenteret og ved oppretting av døgnplassar vil dette gi konsekvensar for dagrehabiliteringa.

Eininga foreslår å etablere ein rehabiliteringskoordinator og ønskjer at det vert oppretta eit team som sikrar gode pasientforløp mellom heimetenesta, psykisk helse og rehabiliteringstenestene.

I tilbakemeldinga frå eininga vert det peika på at RHO treng auka ressursar for å sikre at me held tritt med den digitale utviklinga innan tenestene. Me må samtidig heile tida sikre implementering av nye digitale løysingar og velferdsteknologi.

Kommentar: Sjå kommentar over.

Alle pasientar med behov for langvarige og koordinerte tenester skal ha tilbod om ein eigen tilsett som koordinerer tenestene til vedkomande. Koordinator utover dette finn rådmannen vanskeleg å foreslå.

Stord kommune var med i prosjektet Nasjonalt velferdsteknologiprogram i åra 2014 – 2017. Velferdsteknologiske løysingar som var under utprøving i prosjektet er lagt inn i drift etter prosjektet. I tillegg er stilling som E-helse konsulent auka til 100% og nye løysingar er under utprøving. Det er lagt kr. 900.000 årleg inn i investeringsbudsjettet dei neste åra til velferdsteknologi. Utgifter utover dette må takast opp i samband med budsjett og økonomiplan.

Økonomiske konsekvensar

Økonomiske konsekvensar vert vurderte i samband med rullering av budsjett og økonomiplan.

Miljømessig konsekvens

Omsyn til klima og miljø er vurdert i planen

Folkehelse

Folkehelseperspektivet er inkludert i planen

Universell utforming

Alle nye bustader for personar med behov for helse- og omsorgstenester er universelt utforma. Tilkomst er del av dette.

Beredskap

Einingane har eigne beredskapsplanar

Konklusjon, alternativ tilråding

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek ny kommunedelplan for rehabilitering, helse og omsorg slik den ligg føre.

Plan for gjennomføring

Planen vert sett i verk ved endeleg godkjenning.